

# Guds rike

Skjerm bilde på [imf.no/erik](http://imf.no/erik)

«Desse tolv sende Jesus ut, og han baud dei: «Ta ikkje vegen til heidningane, og gå ikkje inn i nokon av samaritanbyane! Gå heller til dei bortkomne sauene i Israels hus. Gå og forkynn: ‘Himmelriket er kome nær!’ Læk sjuke, vekk opp døde, gjer spedalske reine og driv ut vonde ånder! Gjev som gåve det de fekk som gåve».

**Matteus 10:5ff**

«Så tok dei ut og drog omkring frå landsby til landsby og forkynte den gode budskapen og lækte folk kvar dei kom»

**Lukas 9:6**

**Er dette Jesu utsending av deg og meg?**

# Korleis les og tolkar vi Bibelen?



Vi kan lese og forstå Bibelen i lys av for eksempel

- Lov og Evangelium
- Frelshistoria
- Paktene
- Tidsepoker

## Kva er «Guds rike»?

**Eit rike som var før Jesu kome:** «Då sa Jesus til dei: «Har de aldri lese i skriftene: Steinen som bygningsmennene vraka, har vorte hjørnestein. Dette er Herrens eige verk, underfullt er det i våre auge. Difor seier eg dykk: Guds rike skal takast ifrå dykk og gjevast til eit folk som ber dei fruktene som høyrer riket til». (**Matteus 21:42-43**)

**Eit rike som skal vere i all æve:** «Ja, Herren skal berga meg frå alt vondt og frelsa meg inn i sitt himmelske rike. Han vere ære i all æve! Amen». (**2.Tim.4:18**)

## **Eit rike som var, er og skal kome**

**Eit rike som var:** «Då sa Jesus til dei: «Har de aldri lese i skriftene: Steinen som bygningsmennene vraka, har vorte hjørnestein. Dette er Herrens eige verk, underfullt er det i våre auge. Difor seier eg dykk: Guds rike skal takast ifrå dykk og gjevast til eit folk som ber dei fruktene som høyrer riket til». (**Matteus 21:42-43**)

**Eit rike som er:** «Guds rike er ikkje mat og drikke, men rettferd, fred og glede i Den heilage ande». (**Rom 14:17**)

**Eit rike som skal kome:** «Ja, Herren skal berga meg frå alt vondt og frelsa meg inn i sitt himmelske rike. Han vere ære i all æve! Amen». (**2.Tim.4:18**)

## Korleis vert ein borgar av dette riket?

**Usanne borgarar:** «Ikkje alle som seier til meg: ‘Herre, Herre!’ skal koma inn i himmelriket, men den som gjer det Far min i himmelen vil. Mange skal seia til meg på den dagen: ‘Herre, Herre! Har vi ikkje tala profetord i ditt namn, drive ut vonde ånder i ditt namn og gjort mange mektige gjerningar i ditt namn?’ Då skal eg seia det beint ut: ‘Eg har aldri kjent dykk. Gå bort frå meg, de som gjer urett!’ » **(Matteus 7:21-23)**

**Sanne borgarar:** «Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike. (...) Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike». **(Johannes 3:3-5)**

## **Tilstanden frå syndefallet:**

«Då no borna har del i kjøt og blod, fekk han og på same vis del i det, så han ved døden skulle gjere ende på han som hadde dødens velde, det er djevelen, og utfri alle dei som i redsle for døden var i trældom heile sitt liv».

**(Hebr.2:14)**

## Kristus overvann Satan på Golgata

- **Joh.12:31** «No fell det dom over denne verda, no skal han som herskar i denne verda, kastast ut.»
- **Joh.16:11** «Dommen er at han som herskar over denne verda, er dømd.»
- **Kol.2:15** «Han kledde maktene og åndskreftene nakne og viste dei fram til spott og spe då han synte seg som sigerherre over dei på krossen.»



## Like fullt herskar Satan framleis i verden:

- **1.Joh.5:19** «Vi veit at vi er av Gud, og at heile verda ligg i det vonde.»
- **2.Kor.4:4** «For guden i denne verda har blinda forstanden til dei vantruande, så dei ikkje ser lyset som strålar frå evangeliet om Kristi herlegdom, han som er Guds bilete.»
- **Apg.26:17-18** «Eg sender deg til dei for å opna auga deira, så dei vender om frå mørker til lys, frå Satans makt til Gud ...»
- **Efeserbrevet 2:2** «De levde i dei slik ein gjer i denne verda og lét dykk leia av han som styrer i himmelrommet, den ånda som no verkar i dei ulydige.»

## **Kva betyr vel dette for deg og meg?**

«For vi har ikkje strid mot kjøt og blod, men mot maktene, mot herrevelda, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot ondskapens åndehær i himmelromet.»

**Efeserbrevet 6:12**